

Fylkeseldrerådet i Møre og Romsdal har i sitt møte den 21.03.2012 vedteke følgjande forslag til uttale til ny forskrift om fastlegeordninga.

"Forslag til nye forskrifter for fastlegeordninga

Fylkeseldrerådet i Møre og Romsdal støttar helseministeren sitt initiativ for å gjere ei god fastlegeordning enda betre.

Fylkeseldrerådet har merka seg at legeföreninga har uttalt stor uro over auka arbeidsmengde som dei meiner vil vere følgjene av forslaget til den nye forskrifta. Denne reaksjonen frå legeföreninga viser, etter fylkeseldrerådet si oppfatning, at det er behov for fleire fastlegar. Dei fastlegane som har dei lengste pasientlistene bør få avlastning ved at fleire legar kan dele på arbeidet. Fastlegane må også kunne organisere arbeidet på andre måtar ved td å ta i bruk anna personell til nærare fastsette arbeidsoppgåver.

Fylkeseldrerådet støttar særskilt kravet om mindre ventetid på time hos fastlegen og mindre ventetid i telefonen. Vidare er det viktig at sjuke eldre og skrøpelege kan få heimebesøk av fastlegen, når dei ikkje kan kome seg til legen ved eiga hjelp.

Konklusjonen må bli at no må pasientane setjast i høgsetet."